



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkerådet, Mellomkyrkjeleg råd, Samisk kyrkeråd

2009 | Ein kortversjon av årsmeldinga



09



Året 2009

Dei sentrale kyrkjelege råda

2009 Dei sentrale kyrkjelege råda
- ein kortversjon av årsmeldinga

ISBN 978-82-7545-099-7

© Kyrkjerådet, Den norske kyrkja, 2010

Kyrkjerådet
Postboks 799 Sentrum
0106 Oslo
Tlf 23 08 12 00

Design: www.littlebitfunny.com
Produksjon: Kyrkjerådet
Trykk: Nr.1 Trykk Gresflie AS

Omslaget:
Biletet er frå Ungdommens kyrkjemøte 2009 der
delegatane kledte seg i t-skjorter med påskrifta
“*Hva slags kirke vil du ha?*” Dette var eit slagord i
markedsføringa av Kyrkjevalet 2009.



«Året 2009. Dei sentrale kyrkjelege råda» er ei kortfatta oppsummering av nokre viktige arbeidsområde som har prega 2009 i Kyrkjerådet, Samisk kyrkjeråd og Mellomkyrkjeleg råd for Den norske kyrkja.

INNHALD

Kyrkjevalet, demokratireform /4
Jens-Petter Johnsen: Liturgi og luthersk medvit /7
Medlemsregisteret, IKT, kommunikasjon /8
Gudstenestereforma /8
Barn, unge. trusopplæring /10
Diakoni, kyrkje og samfunn /10
Kultursatsing /12
Økumenisk arbeid /12
Berit Hagen Agøy: Kyrkjesamarbeid på mange frontar /15
Tore Johnsen: Strategiplan for samisk kyrkjeliv /16
Samisk kyrkjeliv /18

Kyrkjevalet, demokratireforma

Kyrkerådet har i 2009 arbeidd vidare med det framtidige tilhøvet til staten i lys av den politiske avtalen som blei inngått i Stortinget 10. april 2008. Rådet har òg arbeidd med å førebu endringar som kan komme etter 2013. Det har vore mange utfordringar i dette utviklingsarbeidet. Det er ressurskrevjande og Kyrkerådet har ikkje nok ressursar og kompetanse i eigen stab til å gjere denne jobben aleine. Arbeidet held fram i 2010.

Kyrkevalet 2009 blei gjennomført etter planen. Dei økonomiske rammene for valet var ikkje på plass før 27. april 2009, lenge etter at arbeidet med årsplanane var avslutta. Det skapte vanskar for planlegginga. Ein kom seint i gang med å trappe opp bemanninga, og det blei knapp tid til den store kommunikasjonssatsinga som var naudsynt – sentralt så vel som lokalt.

Det blei tatt i bruk eit heilt nytt elektronisk system for produksjon av valkort og rapportering av valresultatet. Den knappe tida ein hadde til planlegging og utvikling innebar at systemet hadde nokre klare manglar. Dei vil bli utbetra før neste val. Alle kyrkjelydar tok i bruk det nye systemet, noko som gjorde det mogleg å produsere unike valkort. Valkorta blei sende til 3,2 millionar medlemmer, saman med informasjon om kandidatane. 26 000 valkort blei returnerte for at namna skulle slettast i medlemsregisteret.

Valet blei gjennomført etter dei føresetnadene Stortinget hadde lagt. Det var 10 % som deltok ved bispedømmerådsvalet og 12,5 % ved soknerådsvalet. 52 av delegatane til bispedømmeråda blei valde ved direkte val. 17 av dei 77 leke medlemmene er under 30 år, det vil seie ca 22 %.

Kyrkjevalet var eit stort felles løft for heile Den norske kyrkja. Gjennom dei ulike fasane har både tilsette ved bispedømmekontora, tilsette i kyrkjeleg fellesråd, tilsette på kyrkjelydskontora og mange ulønna medarbeidarar lagt ned ein stor innsats. Denne mobiliseringa på alle plan i kyrkjeorganisasjonen var heilt avgjerande for at kyrkjevalet i 2009 blei godt gjennomført.





10 % deltok ved bispedømmerådsvalet og 12,5 % ved soknerådsvalet. Her er det Linn Amalie Ødegård (18) som røyster på Grav skole i Bærum.





Kyrkerådsdirektør
Jens-Petter Johnsen
kommenterer året
2009:



Liturgi og luthersk medvit

Kyrkja og staten

I 2009 har vi følgd opp viktige sider ved stortingsforliket om staten og kyrkja frå 2008 . Vi har gjennomført eit kyrkjeval etter ny modell, som har oppfylt dei tre kriteria frå stortingsforliket: direkteval til bispedømmeråda, høve til alternativ nominasjon og val på same tid og stad som stortingsvalet. Vi er glade for den auka valdeltakinga, med 10 % ved bispedømmerådsvalet og 12,5 % ved soknerådsvalet. Det er ei meir enn ein tredobling frå førre val. Men vi ser òg eit stort forbettringspotensial fram mot valet i 2011.

Gudstenestereforma

Året 2009 var prøve- og høyringsfase for nye liturgiar og ny salmebok. Det har truleg vore den største liturgiske verkstaden i Den norske kyrkjas historie. Liturgien i gudstenesta er det felles uttrykket for den kristne trua, og derfor har det vore umåteleg viktig å involvere kyrkjelydane og gudstenestedeltakarane over heile landet. Høyringa gav brei støtte til prinsippa om at gudstenesta skal vere fleksibel, involverande og stadeigen. Samstundes blir det streka under at gudstenesta i sterkare grad må rettast mot Gud enn mot fellesskapet. Derfor vil det omarbeidde framlegget ha fokus på mottoet: «Saman for Guds andlet». Forsoninga må òg komme tydelegare fram i liturgien. Når det gjeld salmeboka, har høyringa vist at det ikkje er støtte for å gi ut ei ny salmebok i to bind.

Økumenikk

Det har aldri tidlegare vore så mykje samarbeid mellom kyrkjesamfunna i Noreg som no. Vi har eit sterkt økumenisk medvit. Da er det òg viktig for oss å vite kva slags identitet vi har som ei luthersk kyrkje. Vi har starta eit arbeid i 2009 med å setje ord på kva det vil seie å vere ei evangelisk-luthersk kyrkje i det store kyrkjefellesskapet, og dette vil bli ei sak på Kyrkjemøtet 2010. Vi utfordrast no like mykje av ulike synspunkt innafor dei einskilde kyrkjesamfunna som av skilnadene mellom dei. Det gjeld i aukande grad etikken meir ein dogmatikken. Eg vil òg seie at det har vore ei stor glede for oss i 2009 at Olav Fykse Tveit blei tilsett som generalsekretær i KV.

Medlemsregisteret, IKT, kommunikasjon

Det nye digitale medlemsregisteret blei tatt i bruk i 2009. Registeret er kopla opp mot fleire offentlege register: Det sentrale folkeregisteret, Matrikkelen, Einingsregisteret og Arbeidsgjevar/arbeidstakar-registeret. Det står framleis att ein del arbeid med å betre datakvaliteten på medlemsregisteret og gjere det enklare for folk å bruke det. Ein analyse av kor sårbart registeret er, har konkludert med at tryggleiken må bli betre, særleg på dei lokale klientmaskinane.

Medlemsregisteret fekk eldprøva si i samband med kyrkjevalet i september, og det gjekk i all hovudsak bra. På eit halvt år har 3600 brukarar over heile landet fått tilgang til systemet. Dei registrerer dåp og inn- og utmeldingar rett inn i registeret. At dei gjer denne jobben, er heilt avgjerande for kvaliteten på registeret.

Det siste året er det utvikla ein ny strategi for IKT (informasjons- og kommunikasjonsteknologi) i Den norske kyrkja. Ei strategigruppe har drøfta utvikling av elektronisk kyrkjebok og har komme med tilrådingar. Det er i grove trekk utarbeidd ein plan for korleis løysinga bør vere. Planen gir òg ei vurdering av kva det vil koste å gå over til ein ny måte å føre kyrkjebøker på.

Ved den siste omorganiseringa i Kyrkjerådet blei det skipa ei eiga avdeling for kommunikasjon og informasjon, leia av ein kommunikasjonsdirektør. Kyrkjerådet har sett det som naudsynt og strategisk å satse på betre kommunikasjon både internt i kyrkjeorganisasjonen og ut til media. Avdelinga har arbeidd med strategiar for dette i 2009, og ein har alt sett gode resultat av arbeidet.

Gudstenestereforma

I 2008 sende Kyrkjerådet fire framlegg til ei lang rekkje høyringsinstansar. Det var ny gudstenesteliturgi med dåpsliturgi, ny liturgisk musikk, nye teksttrekkjer og ny salmebok. Omlag 100 kyrkjelydar har prøvd ut nye ordningar i praksis. Dei ulike kyrkjelydane hadde fått eit særleg ansvar for å prøve ut ulike delar av materialet. Høyringsfristen blei etter ei tid forlenga til 15. september 2009 (1. desember 2009 for musikken). Ei oppsummering av høyringssvara blei lagd fram for Kyrkjemøtet i november.

Høyringa for salmeboka viste at berre 20–25 % var samde i at ei ny salmebok bør komme ut i to bind slik framlegget la opp til. Det var dessutan mange kritiske kommentarar både til utvalet av salmar og til forståinga av kva ei salme er. Det er naudsynt å drøfte ulike alternativ



Ei oppsummering av høyringssvara i samband med gudstenestereforma blei lagd fram for Kyrkjemøtet i november. Biletet er frå opningsgudsteneesta på Kyrkjemøtet i 2009.

for vegen vidare i salmebokarbeidet, og det må leggjast ein heilt ny framdriftsplan for salmeboka.


Når det gjeld tekstboka, viser høyringa at det er god støtte for å gå tilbake til tre teksttrekkjer, og såleis få eit større tilfang av bibeltekstar til gudsteneestene. Ein skal arbeide vidare med å kvalitetssikre teksttrekkjene fram mot handsaminga i Kyrkjerådet og Bispemøtet våren og sommaren 2010.

Når det gjeld liturgien, syner høyringa at det er brei støtte for dei grunnleggjande prinsippa. Men det er komme vektige innvendingar mot ein del av utforminga. Høyringssvara rår til å kutte talet på tekstar ein kan velje mellom. Fleksibiliteten er blitt for stor. Forbønna er det punktet der høyringa tydelegast syner behovet for å ha fleire variantar å velje mellom, og at kyrkjelyden må kunne lage eigne bønner. Dåpsliturgien blir sett på som den mest uferdige av liturgiane som har vore på høyring. Høyringssvara syner at dåpsliturgien treng ein ny og grundig gjennomgang.

På slutten av året blei det arbeidd med nye framdriftsplanar for ferdigjering og innføring av ny liturgi. Ny framdriftsplan for salmebokarbeidet blir fastsett i 2010.



Kyrkjemøtet 2009 vedtok Plan for trusoplplæring med tittelen «Gud gir vi deler». Trusoplplæringa gir rom for mange aktivitetar, som til dømes bollebaking i ein sørlandskyrkjelyd.



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

Barn, unge, trusopplæring

Trusopplæringsreforma har sidan 2003 gitt kyrkja eit unik høve til å fornye trusopplæringa si. I 2009 fekk 91 nye kyrkjelydar pengar til trusopplæring. Etter denne tildelinga har nær 45 % av kyrkjelydane i landet fått pengar til trusopplæring for alle døypte mellom 0 og 18 år. Reforma er bygd ut ved at alle kyrkjelydane i eit valt prosti i kvart bispedømme har fått tildelt pengar samstundes. Det har gjort det enklare å skape samarbeid og koordinere tilbodet der det er tenleg. Kyrkjerådet har valt ut områda der opptrappinga finn stad, og bispedømmeråda deler midlane mellom kyrkjelydane etter nasjonalt fastsette kriterium. Gjennomføringsfasen er treårig og har som hovudmål å fornye den lokale trusopplæringa for det breie lag av alle døypte i alderen 0-18 år.

Kyrkjemøtet 2009 vedtok Plan for trusopplæring med tittelen «Gud gir - vi deler». Planen er ein kombinasjon av ein rammeplan og eit ressursdokument som skal stimulere arbeidet med å utvikle og gjennomføre lokale planar for trusopplæring. Plan for trusopplæring er ein reiskap for kyrkjelydar, sokneråd, tilsette, frivillige, barne- og ungdomsorganisasjonar og andre som har

ansvar for trusopplæringa i kyrkjelyden. Trusopplæringa i kyrkjelyden må utviklast ut frå lokale behov og føresetnader. Kyrkjelydar innafør forvaltningsområda for samisk språk og kultur har eit spesielt ansvar for å leggje til rette tilbod om trusopplæring for samiske barn og ungdommar.

Kyrkjemøtet 2009 hadde òg oppe saka Myn- dig tru – mangfaldige fellesskap, som handlar om korleis kyrkja satsar på aldersgruppa 18–30 år. Ung i kyrkja har sidan tidleg på 90-talet vore eit satsingsområde i Den norske kyrkja. Ei kyrkjeleg satsing på aldersgruppa 18–30 år handlar om å tenkje heilskapleg om det å vere kyrkje og å tenkje kreativt om det å sameina plan- og reformarbeidet i kyrkja. Det handlar om korleis satsing på trusopplæring, gudstenesteliv, diakoni, demokrati og berekraftig utvikling kan spele på lag med kvarandre.

Diakoni, kyrkje og samfunn

Ny Plan for diakoni begynte å gjelde frå 1. januar 2008. Planen definerer diakoni slik: «Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd.»



Definisjonen seier kva retning diakonien skal ha i åra som kjem. I 2009 har planen vore utgangspunkt for arbeidet med lokale diakoniplanar i alle delar av landet.

I 2007 og 2008 fatta Kyrkjemøtet vedtak om å setje i verk ein berekraftreform i kyrkja. «Truga liv – trua sitt svar. Eit økumenisk tiår for skaparverk og berekraft» er blitt eit økumenisk samarbeid mellom Noregs Kristne råd, Kirkens Nødhjelp og Den norske kyrkja. Gjennom dette samarbeidet vil Den norske kyrkja mellom anna «skape håp og framtidstru med ord og handling» og «vere sentrale pådrivarar for og bidragsytarar til berekraftige samfunn lokalt, nasjonalt og globalt». Mykje av innsatsen i 2009 var retta mot FN's klimatoppmøte i København i desember. Meir enn 1200 var med på ei klimasegling til København, mellom dei nesten heile biskopkollegiet.

Arbeidet er i gang med å setje ut i livet Strategiplan for kjønn og likestilling i Den norske kyrkja 2009-2014. Planen er trykt på bokmål og nynorsk og er send til alle kyrkjelydar og ei rekkje andre instansar. Det skal arbeidast for jamn kjønnsfordeling blant tilsette, valde og frivillige medarbeidarar på alle nivå i kyrkja. I samarbeid med kul-





turfeltet blei det invitert til nordisk seminar i august 2009, og dette arrangementet skal følgjast opp av ein nordisk økumenisk kvinnekonferanse på Sola i 2010.

Kultursatsing

I 2009 fekk kyrkja sju nye stillingar som kulturrådgevarar over kulturkapitlet i statsbudsjettet. Ei av stillingane er plassert i administrasjonen i Kyrkjerådet, dei seks andre er plasserte i dei seks bispedømme Oslo, Agder og Telemark, Bjørgvin, Møre, Nidaros og Sør-Hålogaland. Det er tilsett rådgevarar i alle stillingane tre kvinner og fire menn, med eit aldersspenn frå 29 til 62 år. Målet er at dei resterande fem bispedømme alle skal få kulturrådgevar i 2010.

Kulturrådgevarane skal i hovudsak inspirere til økt kulturverksemd i samspel med ulike aktørar frå kulturlivet i vid forstand. Dei skal òg koordinere aktivitetar og bygge større kulturkompetanse i kyrkja, samt koordinere og formidle vidare kompetanse frå dei ulike kyrkjelege kulturfestivalane, så kulturlivet kan blomstre i dei lokale kyrkjelydane.

Kvart bispedømme skal ta ansvar for å bygge opp spisskompetanse på eitt eller to kunstfaglege område. Spisskompetansen skal komme alle bispedømme til gode.

I 2009 har det vore ei nettverkssamling over tre dagar for kulturrådgevarane. Det har òg vore fleire kompetansehevande tiltak,

som til dømes eit seminar om den kulturelle skolesekken, eit seminar for kultur- og diakonirådgevarane om den kulturelle spaserstokken, ein nasjonal fagkonferanse om den lokale kyrkjelyden som kulturarrangør og ein landskonferanse om kordrift.

Den nye Plan for kyrkjemusikk gjaldt frå 1. januar 2009. Planen skal vere ei hjelp i det lokale planarbeidet som kyrkjelydane starta opp i 2009. Kyrkjelova føreset at kvar kyrkjelyd lagar sin eigen plan for kyrkjemusikk. Kyrkjerådet vil stimulere til at det blir oppretta lokale kyrkjemusikkutval så mange stader som mogleg.

Økumenisk arbeid


Hovudmålet for det økumeniske arbeidet i 2009 har vore å vidareutvikle Den norske kyrkja som ein truverdig partner og ei kyrkje som er engasjert i dialog og samhandling med andre kyrkjer, kyrkjelege organisasjonar og livssynssamfunn nasjonalt og internasjonalt. Dette målet har styrt arbeidet i Mellomkyrkjeleg råd, og målet er i stor grad nådd innfor dei rammene som var gitt.

Avdeling for økumenikk og internasjonale spørsmål er den utøvande instansen for Mellomkyrkjeleg råd. Avdelinga har arbeidd med relasjonsbygging for å oppnå felles mål saman med andre partnerar både i og utafor Den norske kyrkja. Det gjeld i internasjonale økumeniske organisasjonar, i bilaterale relasjonar bygde på særskilde avtaler, i felleskyrkjelege

tiltak i Noreg og i dialog og samarbeid med andre religionar og livssynssamfunn. Det har dessutan vore samarbeid med andre kyrkjelege organisasjonar i Noreg som har blikket retta mot internasjonale spørsmål og kyrkjesamarbeid.

På generalforsamlinga i Konferansen av europeiske kyrkjer (KEK) blei det valt to norske medlemmer til sentralkomiteen, Elise Sandnes og Erlend Rogne. Det syner at Den norske kyrkja ønskjer å samarbeide med dei kristne kyrkjene i Europa. Arbeidet i Det lutherske verdsforbundet (LVF) har vore intensivert, mellom anna i fornyingskomiteen i LVF, der Den norske kyrkja har vore med, og i førebuingane til generalforsamlinga i 2010. Den norske kyrkja fekk eit spesielt sterkt band til Kyrkjenes Verdsråd (KV) gjennom at generalsekretæren i Mellomkyrkjeleg råd blei nominert og vald som generalsekretær i den globale kyrkjeorganisasjonen.

Kyrkjemøtemøtesaka frå 2008 om situasjonen for dei kristne i Midtausten er følgd opp, mellom anna ved aktiv deltaking i den internasjonale kyrkjeveka for fred i Palestina og Israel. I Noreg blei det gjort meir ut av denne veka enn tidlegare år. Det blei arrangert fleire store seminar som skapte mediemerkeemd om situasjonen for dei kristne i Midtausten. Det har heile året vore tett kontakt mellom Den norske kyrkja og Den evangelisk-lutherske kyrkja i Jordan og Det heilage landet.





27. august 2009 blei Olav Fykse Tveit (48) tilsett som generalsekretær i Kirkenes verdensråd (KV). Det skjedde under eit møte i Sentralkomiteen i KV i Genève.



Generalsekretær i
Mellomkyrkjeleg råd Berit Hagen Agøy
kommenterer året 2009



Kyrkjesamarbeid på mange frontar

Kristne innvandrarar

Kyrkjemøtet 2009 tok opp tematikken om kristne innvandrarar i Noreg. Det er ei stor utfordring å inkludere kristne frå ulike delar av verda i norsk kyrkjeliv, la dei oppleve fellesskapet vårt og samstundes opne for at dei kan tilføre fellesskapet i kyrkjelyden nye og verdfulle impulsar frå andre tradisjonar.

Midtausten

Situasjonen for dei kristne i Midtausten er svært vanskeleg, og migrasjonen held fram. Palestinske kristne bad i «Kairos-dokumenet» deira trussysken verda over om å ta inn over seg den kritiske situasjonen som herskar i området, og arbeide både teologisk og politisk med problemstillingar som er knytte til okkupasjonen av Dei palestinske områda. Mellomkyrkjeleg råd held fram med samarbeidet med Den lutherske kyrkja i Jordan og Det heilage landet, mellom anna om diakonale prosjekt på Oljeberget. Vi følgjer òg på nært hald arbeidet i det nyleg etablerte Rådet av religiøse institusjonar i Det heilage landet.

Internasjonalt kyrkesamarbeid

Konferansen av europeiske kyrkjer heldt generalforsamling i Lyon sommaren 2009. Det er viktig for Den norske kyrkja å ha nærkontakt med europeisk kyrkjeliv og det arbeidet kyrkjene gjer, mellom anna når det gjeld EU-politikarar og kristne verdiar, klimaarbeid, migrasjon, religionspolitikk og dialogarbeid. At Olav Fykse Tveit i august blei vald til ny generalsekretær i Kyrkjenes Verdsråd, gjer det lettare for oss å ha enda tettare kontakt med den globale kyrkja. Klimatoppmøtet i København var ein av fleire møtestader for internasjonalt kyrkjesamarbeid i 2009.

Heimleg økumenikk og religionsdialog

For ti år sidan blei Felleseklæringen om rettferdigjøreleslæren mellom Den katolske kyrkja og Det lutherske verdsforbundet under teikna. Tiårsdagen fekk ein flott markering også her i landet, der òg Metodistkyrkja i Noreg og Frikyrkja var med. Samarbeidet om norsk økumenikk held fram i Noregs Kristne Råd og gjennom bilaterale kyrkjeavtaler. Likeins blir samarbeidet med andre trus- og livssynsamfunn i Noreg prioritert. Religionsdialog og religionspolitikk har prega den offentlege samtalen, og Mellomkyrkjeleg råd har vore ein aktiv deltakar i debattane.

Generalsekretær i Samisk kyrkjeråd Tore Johnsen kommenterer året 2009



Strategiplan for samisk kyrkjeliv

Nettstad for samisk trusopplæring blei lansert

Samisk kyrkjeråd sin nettstad for samisk trusopplæring, www.osko.no blei lansert i 6. februar 2009. Nettstaden gir eit språkleg og kulturelt tilrettelagt tilbod for samiske barn på sør-, lule-, nordsamisk og norsk språk. Nettsida skal gi samiske barn og unge hjelp til den viktige dialogen mellom eige liv, eigen identitet og den kristne trua. Kulturelt tilrettelagt trusopplæringsmateriell på samisk har vore svært avgrensa. Difor er tiltaket eit stort framsteg. Tilbod til aldersgruppa 6-12 år er sett i verk, og tilbod for aldersgruppa 12-15 år skal starte opp i løpet av 2010.

Strategiplan for samisk kyrkjeliv

Arbeidet med Strategiplan for samisk kyrkjeliv hadde høg prioritet i 2009, og høyringsutkastet var nesten ferdig ved utgangen av året. Planen inneheld ei prinsipiell gjennomtenking av det samiske





På samedagen 6. februar 2009 blei den samiske nettstaden www.osko.no opna. Ante Jonas klypte over snora, med Paul Erik Wirgenes og Helga Haugland Byfuglien som fødselshjelparar.

kyrkjelivet sin plass i Den norske kyrkja, ei framstilling av status for samisk kyrkjeliv på ulike område, og ein 5-årig handlingsplan (2012-2016) med sikte på å sikre ei meir systematisk og gjennomgåande ivaretaking av samisk kyrkjeliv på ulike nivå og arbeidsfelt i Den norske kyrkja. Sentrale tema er styrking av samisk språk- og kulturkompetanse, rekruttering, samiskrelaterte emne i kyrkjelege utdanningar, kyrkjeleg grunnmateriell på samisk, ivaretaking av samisk språk, kultur og tradisjon innanfor gudstenesteliv, trusopplæring, diakoni og kyrkjemusikk, tenleg organisering av samisk kyrkjeliv, behovet for avklaring av samiskrelaterte spørsmål i ramma av stat-kyrkje reforma, og kyrkjeleg urfolksarbeid. Strategiplanen er på høyring og blir kyrkjemøtebehandla i 2010.

Samiske kyrkjedagar

Samiske kyrkjedagar blei arrangerte i Inari, Finland 12.-14. juni 2009. Dei fyrste samiske kyrkjedagane blei arrangerte i Jokkmokk i Sverige i 2004. Dette er eit felles samisk-kyrkjeleg arrangement for samar i Noreg, Sverige, Finland og Russland som synleggjer fellesskapet og mangfaldet i kyrkjelivet i Sápmi. Arrangementet er forankra i dei samisk-kyrkjelege organa i dei lutherske nasjonalkyrkjene i Noreg, Sverige og Finland, men har også ortodoks deltaking. Samisk kyrkjeråd var involvert i planlegginga av programmet, koordineringa av deltakinga frå norsk side, og hadde bidrag i delar av programmet. Det var over 600 førehandspåmeldte til arrangementet og hovudgudstenester og konsertar hadde i gjennomsnitt ca. 500 deltakarar. Det er bestemt at neste samiske kyrkjedagar blir i det sørsamiske området på norsk side i 2013.

*

Samisk kyrkjeliv

Samisk kyrkjeråd skal verne, fremje og utvikle samisk kyrkjeliv ut frå eit språkleg mangfald (sørsamisk, lulesamisk, nordsamisk og norsk). I Den norske kyrkja er det ingen eigne stillingar for arbeid med sørsamisk og lulesamisk språk. Det gjer at framdrifta på feltet ikkje blir stor. Av plandokumenta som Kyrkjemøtet har vedteke, blei Plan for diakoni omsett til nordsamisk ved slutten av året. Det ligg ikkje føre nokon omsetjing til sør- og lulesamisk språk. Heller ingen andre publikasjonar er trykte på desse språka.

Hovudsatsinga for den samiske trusopplæringa har vore etableringa av www.osko.no, ein nettstad for samisk trusopplæring som blei lansert i februar 2009. Nettstaden gir eit språkleg og kulturelt tilrettelagt tilbod for samiske barn, på sørsamisk, lulesamisk, nordsamisk og norsk. Tilbod til aldersgruppa 6-12 år er etablert, og det er gjort førebuingar til å etablere eit tilbod for aldersgruppa 12-15 år våren 2010.

Arbeidet med Strategiplan for samisk kyrkjeliv har følgd den oppsette framdrifta. Planen blir utvikla saman med dei tre nordlegaste bispedømme. Planen skal sendast på høyring våren 2010 med sikte på handsaming på Kyrkjemøtet 2010. Når det gjeld samisk gudstenesteliv, er ikkje nordsamiske liturgiar gitt ut på grunn av manglande kapasitet i sekretariatet. Ei høyring for lulesamiske liturgiar er gjennomført, men det er utsett til 2010 å få liturgiane ferdige og godkjende. Ei arbeidsgruppe for kvalitetssikring av sørsamiske liturgiar er under oppretting.

Medlemmer i dei sentrale kyrkjelege råda 2009

Kyrkjerådet

Pensjonist Nils-Tore Andersen, (leiar), Borg,
kampanjekonsulent Harald Nyeggen Sommer, Oslo,
prostiprest Lars Erlend Kielland, Hamar,
prost Terje Fonk, Tunsberg,
student Jorund Andersen, Agder og Telemark,
omsorgssjef Svein A. Lindø, Stavanger,
kantore Tone Synnøve Øygard Steinkopf, Bjørgvin,
sosionom Kjersti Tytingvåg Rogne, Møre,
prosjektleiar Petter N. Dille, Nidaros,
student Johanne Mekkalgården Ressem, Sør-Hålogaland,
og sokneprest Ingunn Rinde, Nord-Hålogaland.
Desse tre er valt på fritt grunnlag:
sokneprest Svein Malmbekk, Bodø,
lege Anne Louise Tveter, Asker, (nestleiar)
og forskingsleiar Arne Backer Grønningseter, Oslo.
Bispemøtets preses, biskop Olav Skjevesland.

Mellomkyrkjeleg råd

Generalsekretær Kjetil Aano, (leiar), Stavanger,
rektor Jan Olav Olsen, Agder og Telemark,
generalsekretær Tale Hungnes, Oslo,
økologisk bonde Benedicte Aschjem, Borg,
student Jenny Skumsnes Moe, Hamar,
student Helene Bjerkestrand, Tunsberg,
høgskolelektor Henny Koppen, Bjørgvin,
Erlend Rogne, konsulent i Schibsted, Møre,
rådgjevar Einar Vegge, Nidaros,
ordførar Rolf Steffensen, Sør-Hålogaland,
kateket Oddhild Johnsen Klevberg, Nord-Hålogaland,
kyrkjevevjerje Kjell Bertel Nyland, Bergen, valt på fritt grunnlag,
Atle Sommerfeldt, generalsekretær i Kirkens Nødhjelp,
Bispemøtet sin representant Erling Pettersen,
Helge Aarseth, medlem av Rådet i LVF,

Elise Sandnes, medlem av sentralkomiteen i Konferansen av europeiske kirker (KEK).

I tillegg møter Harald Hegstad (leiar av Teologisk nemnd) og Kjetil Fretheim (leiar av Komiteen for internasjonale spørsmål).

Samisk kyrkjeråd

Etatsjef Anne Dalheim, (leiar),
jordmor Jonhild Joma, Trones - sørsamisk representant frå Nidaros,
dagleg leiar Mareno Mikkelsen, Tysfjord - lulesamisk representant frå Sør-Hålogaland,
sjukepleier Inga Marie Nordstrand Tromsø - nordsamisk representant frå Nord-Hålogaland,
Ingrid Jåma, Oslo - valt på fritt grunnlag,
Bispemøtet sin representant: Tor Berger Jørgensen,
Sametinget sin representant: Ingrid Johansen.

I KRISTUS, NÆR LIVET

«Året 2009. Dei sentrale kyrkjelege råda»
er ei kortfatta oppsummering av nokre
viktige arbeidsområde som har prega 2009 i
Kyrkjerådet, Samisk kyrkjeråd og Mellom-
kyrkjeleg råd for Den norske kyrkja.

ISBN 978-82-7545-099-7

